

Fjågesund Posten

Nr. 1 februar 2021



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Mondag 15. februar kl 17.00

GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 16. februar kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL.



FULLMÅNESKITUR

Laurdag 27. februar kl 18.00

Vi møtast ved Knarrstøga på Fjågesundheia og går til Knarrhuken, ca. 3 km. ein veg. Med atterhald om fint og klart vær.

Arr. Fjågesund IL


GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 2. mars kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL.



ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag onsdag 3. mars kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

Pga. koronarestriksjonar vil vi ha påmelding på sms til Kjersti tlf.: 911 28 297.

ÅRSMØTE

Fjågesund Velforening fredag 5. mars kl 19.00 på grendehuset.

- Årsmelding
- Rekneskap
- Velforeninga / Gjennomgangsboligen si framtid
- valg

ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag onsdag 10. mars kl. 18.30 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

Pga. koronarestriksjonar vil vi ha påmelding på sms til Aud Turid tlf.: 905 75 915.



GANGETUR FOR ALLE!

Tysdag 16. mars kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks og hald avstand til kvarandre!

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL.

ÅRSMØTE

Fjågesund vassverk har årsmøte på grendehuset onsdag 17. mars 2021.

Saker på møtet:

- årsmelding
- rekneskap
- evt. utbedringer
- val

Saker som medlemmene ønsker å ta opp, må være hos leier innen 7. mars 2021.

Det er kun tillatt med 10 personer samlet. Så hvis noen andre enn styret ønsker å komme, så må leier ha beskjed. Tlf til leier: 96013344.

Hilsen styret.



SKITUR

Søndag 21. mars

Start frå Knarrstøga kl. 12.00. Vi går rundt knarrløypa, ca 11 km.

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL.



GOD PÅSKE!

GUDSTENESTE

2. påskedag 5. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/ Møyfrid Lunde.

Nattverd. Dåp.

BASAR?

Idrettslaget planlegg å ha basar palmesondag, men bare hvis dei nationale retningslinene gjev oss lov. Det ser ikkje ljost ut nå, så mest sansynleg blir det avlyst. Det samme gjeld også skirennet Knarren Rundt, som brukar å gå på skjærtorsdag.



LOPPEMARKED?

Idrettslaget vil arrangere eit loppemarked til hausten på grendehuset hvis dei nationale retningslinene tillet det. Me er svært takksame for lopper, det som er unyttig for deg kan vere nyttig for andre, du støttar samstundes idrettslaget og sparar miljøet! Det vert tre innsamlingsdagar på grendehuset veka før arrangementet. Desse vert annonsera seinare.

På førehand takk, helsing styret i Fjågesund IL.

Idrettslaget ynskjer fleire velkommen som medlem, medlemstalet styrkar og veg tungt ved søknader til b.l.a. kulturmidlar og Lokale Aktivitets Midlar. Laget har i dag 67 medlemmar - fastbuande, utanbygds og hytteeigerar i alle alderar. Du bind deg ikkje til noko, ana enn at me må ha fødselsdatoen din (nye medlemmar). Dette er det Noregs Idrettsforbund som krev. Ny giro blir lagt i postkassene i Bergsto og Fjågesund etter årsmøtet. Den kan du også finne på "Oppslagstavle" på fjaagesund.no.

BLI GRASROTGIVAR!



Støtt Fjågesund grendehus, Fjågesund idrettslag eller Knarren løypelag utan at det kostar deg noko ekstra.

Hvis du registrerar eit av desse laga som din Grasrotmottakar hos Norsk Tipping, vil Norsk Tipping betale 5% av innsatsen din til dette laget utan at du tapar noko på dette.